



Møtereferat

Gruppe/tema: Drøftingsmøte

Møtestad: Skype

Dato: 26.10.18

Tid: 11.30-13.00

Møteleiar: Astrid Eidsvik

Deltakarar:	Kommune:
Astrid Eidsvik Bente Glomset Vikhagen	Nye Ålesund kommune
Randi Alvestad Haldor Lillebø Ann- Cathrin Nyhammer Unni Krogsæter	Haram kommune
Laila Alvestad	Sandøy kommune
Tove Kristensen Ramona A Arnesen Pilskog Stig Meisal	Skodje
Cecilie Solli Maren Kongsnes	Ørskog kommune
Roar Reiten Magne Karlsen Jannike B Husevåg Kristin Nonsvik Martha Trones Frode Nordstrand Hanne Tonning Jann Ove Ertresvåg Lars Marius Rindal	Ålesund kommune

Saksliste:

1. Vedlagte sak om framtidig organisering av eigedomsforvaltning. (det er ein rekke vedlegg til sjølve saka).
2. Oppretting av stillingar som kommuneadvokat, kommunikasjonssjef og leiar politisk sekretariat i Nye Ålesund kommune. Drøfting av utvalsområde, kriterier og kompetansekrav. (Sjå vedlagte utkast til kompetansekrav). Forslag til kriterier og utvalsområde vert presentert i møtet).
3. Utkast til stillingsstruktur for nye Ålesund. Sjå vedlagte notat, samt vedlagte forslag til stillingsstruktur.



4. Tidsplan for drøftingsmøter framover.

Referat og konklusjonar:

1. Vedlagte sak om framtidig organisering av eigedomsforvaltning

Behov for å gå gjennom dokumentet.

Bente tar ein gjennomgang av arbeidet som er gjort, og det som har ført fram til konklusjon om å opprette eit kommunalt føretak for oppgåver knytt til eigedom og eigendomsforvaltning i nye Ålesund kommune. Vil og arbeide fram dokument om kva slags leiingsprinsipp vi skal ha i vår nye kommune.

Haram: Tillitsvalte ikkje einige i innstillinga. Har laga et innspel med signatur frå tillitsvalte som er sendt til Astrid Eidsvik på e-post.

Skodje: Fagforbundet støttar Haldor sitt framlegg. NSF er i forbindelse med dette punktet opptatt av dei tilsette sine rettar og pliktar.

Ørskog: Støttar seg til innstillinga.

Sandøy: Støttar Haldor sitt framlegg vedr. tilsette sine rettar.

Ålesund: NSF, Delta og Utdanningsforbundet støttar seg til innstillinga. Fagforbundet er einige med Haram i skildringa.

Astrid forklarar at ein har sett på fordelar og ulemper på dei to modellane. Det er kommunestyret som vil ha det endelege ordet.

Det er presisert at dei vil vere tilsett i kommunen uansett om dei er under rådmann eller kommunen, og uansett val av modell.

Vedr. ny kommunelov er Bente einig at ein kanskje burde hatt litt meir informasjon om dette i saka. Har valt å vise til gjeldande kommune. Svar på spørsmål frå Haram v/Haldor følgjer vedlagt saka vidare.

Astrid foreslår at ein kan formulere eit punkt som går på ivaretaking av personal, som ei kan ha med seg i saka framover mot politiske vedtak uavhengig av organisatorisk modell . Alle vedlegg skal leggjast ved.

Konklusjon:

Ueinighet blant dei tillitsvalte. Innspel frå Haram er sendt inn, og Ålesund vil komme med skriftlege innspel. Legg ved dokument frå Haram og Ålesund fram til PSU og fellesnemda.



2. Oppretting av stillingar som kommuneadvokat, kommunikasjonssjef og leiar politisk sekretariat i Nye Ålesund kommune. Drøfting av utvalgsområde, kriterier og kompetansekrav.

- Kommuneadvokat – Kompetansekrav og stillingsinnhold som utsendt
 - Utvalgsområde: Advokat i fast lederstilling
 - Vurdering av rettskrav/annet passende arbeid.
 - Dersom fleire er aktuelle etter vurdering, avklares innplassering etter «kvalifikasjonsprinsippet» og konkurranse.
- Kommunikasjonssjef – Kompetansekrav og stillingsinnhold som utsendt
 - Utvalgsområde: Kommunikationsansvarlig i fast lederstilling
 - Vurdering av rettskrav/annet passende arbeid.
 - Dersom fleire er aktuelle etter vurdering, avklares innplassering etter «kvalifikasjonsprinsippet» og konkurranse.
- Leiar politisk sekretariat
 - Utvalgsområde: «Sekretariatsleder» i fast lederstilling
 - Vurdering av rettskrav/annet passende arbeid.
 - Dersom fleire er aktuelle etter vurdering, avklares innplassering etter «kvalifikasjonsprinsippet» og konkurranse.

Konklusjon:

Tillitsvalte er einige i innstillinga.

3. Utkast til stillingsstruktur for nye Ålesund.

Magne går gjennom drøftingsnotat til stillingsstruktur i nye Ålesund kommune.

Dei tillitsvalte kjem med innspel og merknadar. Dei vil òg få moglegheit til å kome med dette via e-post. Ålesund, Haram og Ørskog har nokon merknadar som Magne svarar på i drøftingsmøtet.

Etter dette møtet på det konkluderast på eit rammeverk, men ein viser til merknad i stillingsstruktur «Nye lokale kodar og stillingsnemningar kan opprettast når ny organisering er fastsett».

Konklusjon:

Stillingsstruktur tilstrekkelig avklart. Tillitsvalte sender inn innspel via e-post dersom nødvendig.

4. Tidsplan for drøftingsmøter framover.

Vil sende ut reglement snart som kan bli drøfta ca. ein månad seinare. Kjem med forslag for drøftingsmøte fram til jul. Behov for drøftingsmøte jamt framover. Best for dei tillitsvalte rundt lunsjtider på onsdagar og fredagar.



Jannike Blikås Husevåg
Personalkonsulent, Ålesund kommune